

# Har ditt firma kompetanse på å oppgradere eller bygge hus der universell utforming og branntryggleik står i fokus?

21.01.2018

Av: Haldis Lauksund

Publisert: 14.12.2017 09:17

Oppdatert: 17.01.2018 08:27

## Har ditt firma kompetanse på å oppgradere eller bygge hus der universell utforming og branntryggleik står i fokus?

**Gjennom prosjektet "Godt å bu heime" skal Stord kommune følgja ein familie som bygg nytt eller oppgraderer i høve universell utforming. Me søker firma som kan gje råd og rettleiing undervegs.**

Stord kommune søker gjennom prosjekt «Godt å bu heime» føretak innan bygg- og anlegg (gjeld firma som anten planlegg, utfører eller begge deler) på Stord som kan tenkje seg å fylgje ein familie som har planar om å oppgradere eller bygge nytt hus der universell utforming og branntryggleik står i fokus. Føretak innan bygg- og anlegg skal fylgje familien i prosessen og gje dei råd og rettleiing undervegs.

Bakgrunn for prosjekt «Godt å bu heime» er eit ynskje om at fleire skal ha ein bustad som gjer at dei kan bu der uavhengig av livssituasjon. Med prosjekt «Godt å bu heime» vil ein informere og gje råd til innbyggjarar, unge og eldre, om at det er hurt å tenkje at dei skal kunne bu i huset sitt heile livet om dei ynskjer det. Det er ikkje greitt å måtte flytte ut av heimen fordi det har skjedd ein skade eller ein vert råka av sjukdom.

Til dette treng Stord kommune hjelp frå føretak innan bygg og anlegg på Stord som har interesse av og kunnskap om korleis gjere ein heim tilgjengelig, funksjonell og brannsikker, og der det estetiske og vakre er ein del av heilskapen.

Informasjon til innbyggjarane om ulike sidar ved det å oppgradere eller bygge på ein slik måte at dei kan bu i huset uansett livssituasjon, vil bli formidla gjennom facebookside, små filmsnuttar vist ulike stadar, brosjyre og ved personleg kontakt og møter. Firma som blir vald til å delta i prosjektet vil bli vist fram gjennom dei same informasjonskanalane. Det inneberer positiv omtale av firma, og ein vil kunne påverke korleis ein i framtida skal utforme bustader med universell utforming og branntryggleik i Stord kommune.

Søknaden skal innehalde kva fag firmaet representerer, erfaring med universell utforming og branntryggleik og kor mykje tid firmaet kan bruke på å fylgje prosessen.

### Send søknad til:

Stord kommune  
Postboks 304  
5402 Stord

Merk konvoluttan «Godt å bu heime»

e-post: [post@stord.kommune.no](mailto:post@stord.kommune.no)

Søknadsfrist er **24. januar**.

For meir informasjon ta kontakt med Astrid Larsen, mob: 975 52 231